

Oksen på Haramsøya

Eg har før skrive om hendingar eg opplevde under siste krig medan eg var mannskap på MRF-båten "Møringen". Det eg no skal fortelje om, hende i 1944. "Møringen" gjekk nordøyruta. Me var på veg frå Steinshamn og skulle no gå innom Haram. Det var mykje folk om bord.

På Vigra skulle det vere eit songarstemne. Blant passasjerane var ein damekor frå Fjørtoft. Dette koret underheldt oss med fine religiøse songar.

"Møringen" la til kai på Haram. Her var det nesten alltid eit drag i sjøen, av di storhavet var like utanfor. Båten låg difor ved kaia og "jaga" og sleit i fortøyningane. Denne dagen gjekk sjøen stor utanfor, og draget var verre enn vanleg.

På Ulla fyr, som ligg i nærleiken av Haram, var det stasjonert tyskarar. Når dei skulle til eller frå fyret, gjekk dei på land eller reiste frå Haram. Denne dagen var det ein heil flokk med tyske soldatar som skulle fylgje "Møringen". Reisegodset, som dei hadde mykje av, sette dei frå seg på dekket framme på båten.

Stundom hende det at levande dyr skulle sendast med båten. No var det ein stor okse som skulle sendast. Oksen stod på kaia. Matmora – ei noko eldre kone som var enkje – stod og heldt han. Den store oksen var velfødd, men klauvane var eit ynkværdig syn. Såleis var bak-klauvane mest ein halv meter lange. Oksen skulle transporterast til slakt. Det var "styresmaktene" som kravde det.

Dei lange klauvane til oksen førde til ein del skjemting. Med dei lang bak-klauvane var det nok vanskeleg for han å utføre formeringspliktene han vart pålagt. Skulle han gjere det på vanleg måte for ein okse, kom han for høgt, og ville då "skyte langt over målet". Nei, var det ein som sa, anten må klauvane stå rett ut eller så må dei stå rett inn. Skal tru er det frå noko liknande ordet "kalvbeint" skriv seg frå.

Så var det oksen sin tur å verte heist om bord. Selen han skulle heisast om bord med, var noko primitiv. Han var laga av seglduk, og vart hengd under vomma på oksen. Eit tau framom bringa og eit tau bak rumpa. To bukter over oksen der heisekroken vart fest.

Olsen var svært roleg. Matmora stod heile tida og godsnakka med han. Avskilen var nok tyngst for henne. Eg kunne sjå ei tåre i augekroken hennar. Min gode ven sambygding Rikard styrde vinsjen. Teiknet kom til at han skulle heise.



Kva som seinare hende, er ikkje heilt klårt. I den urolege sjøgangen ved kaia fekk oksen ein ekstra sleng. Dette var nok årsaka til at han som passe geieren (eit tau som held bommen på plass) miste taket. Dermed var uhellet ute. Oksen byrja svaie frå side til side. Det er nok med dyr som med oss menneske; me får magesjau når me vert skikkeleg skræmde.

Så også med oxen. Med presset frå selen over oksemagen vart trykket enormt. Tyskarane som hadde reisegodset sitt på dekk skulle prøve å berge dette. Samtlege av dei som oppheldt seg på dekk vart til dei grader oversprøyta av møk at eg tviler på om deira næraste hadde kjent dei att.

Stanken går ikkje an å skildre med ord. Heile tida medan dette dramaet gjekk føre seg på båtdekket, høyrde vi damekoret frå Fjørtoft kor dei song. Men truleg forstod dirigenten – ei taus i 60-åra – at alt ikkje var som det skulle verer ute på dekk. Døra til salongen vende ut mot dekket. Dirigenten glytte på døra. Synet ho då fekk sjå, kom nok som eit sjokk på henne. Oxen, som hadde vore ute på ein ny segltur, kom no rett mot ho med "landingshjula" og det heile ute. Som om dette ikkje var nok, fekk ho ein stråle av mageinnhaldet rett i åsynet. Ho smekka att døra, tok seg for augo og ropa: Dommedag! Deretter uvita ho.

Stundom hende det me hadde sjuketransport. Denne dagen var det ein mann frå Steinshamn som skulle sendast til sjukehuset i Ålesund. Mannen, som leid av lumbago, vart send i sjukekorg. Kona hans fylgde med han.

Då det ikkje var sjukelugar på "Møringen", vart korga med pasienten sett inn i salongen der damekoret heldt til. Etter at koret hadde sunge ein bårsull frå Setesdal, hadde mannen somna, men vart riven ut av svevnen av dirigenten som ropa dommedag. Då han fekk sjå ho, var han ikkje i tvil om at det var sant. Med eit gaul bykste han or korga. Gløymd var lumbagoen, no var det andre ting som stod på spel. Mannen sprang på dør, og kom ravande ut på dekket i berre underkleda. Synet som møtte han der, berre stadfeste det kvinna hadde ropt. Dette måtte vere dommedag. Det var nære på at han vart teken av oxen, som no hadde ein svingradius på 360 grader.

Kona til mannen hadde vorte lei av songen og var gått ut på dekk. På god fråstand fylgde ho dramaet med oxen. Stor var undringa hennar då ho brått fekk sjå mannen sin kome ravande ut i berre nattserken. I nærare eitt år hadde han lege rett ut på ei huntonittplate og knapt kunne lee ein finger. Noko som også undra henne storleg, var at han song på ein kjend song – han som til vanleg ikkje tolde korkje song eller musikk. Nei, underets tid var enno ikkje forbi.

Men attende til oxen. Her måtte noko gjerast. Den kjappleiken i tankegangen Rikard her synte, skal leitast lege etter. Då oxen var på veg ut frå kaia og over mot sjøsida, slakka Rikard alt han kunne. Med eit drabeleg plask landa oxen i sjøen. Marerittet var over. No galdt det å få oxen på land.

Oxen var roleg. Eg trur han var letta i dobbel forstand. Det var rundt hundre meter til næraste båtstø.

Det som no hende, har eg aldri sett maken til. Matmora gjekk bort i båtstøa og kalla på oxen, som straks såg ho. Det var mykje straum i sjøen, så det beste ville nok vore å slepe oxen med båt. Men då var det at ein av matrosane på "Møringen" fekk den geniale ide å stå på ryggen til oxen og styre med ei åre. Oxen symde mot støa, der kona stod og kalla: "Hillmann, kom no, Hillmann". Det var nok namnet til oxen ho brukte. Då oxen var kring 15 meter frå støa der kona stod, rauta han eit langt og to korte raut – same signalet som MRF-båtane brukar.

Kona tok vel mot oxen, og eg trur gleda var gjensidig. Matrosen hoppa på land – han vart ikkje eingong våt på føtene. Det var ei lita kneik frå støa der oxen landa og opp på vegen. Då oxen gjekk opp til vegen, nytta han same teknikken som ein skilaupar ville nytta, han gjekk "fiskebein" med dei lange klauvane.

Damekoret frå Fjørtofta hadde nok kome seg av sjokket. Dei var no i full gong med synginga att. Eg veit ikkje om det var oxen dei hadde i tankane. Eg hørde noko av teksten, han lydde slik:

"Herlighet stor når vi løftes i fra land og byene, farvel, farvel da jord".